

---

**Fra:** Geir Styve <geir@humorbonden.no>  
**Sendt:** mandag 14. oktober 2019 07:09  
**Til:** Postmottak Lindås  
**Kopi:** Hogne Haugsdal; Ordførar Lindås  
**Emne:** Stadfesting av tildelte midlar til fortau Apalen/ Hillesvåg, frå  
Infrastrukturfondet. Att: Assisterande Rådmann Hogne Haugsdal

Hei, Ordføraren har vist til deg for vidare samarbeid i denne saka

Apalen Sør A/S og Hjelmåsen A/S er snart framme ved det punkt at vi skal inngå gjennomføringsavtale med Statens Vegvesen om bygging av fortau på strekninga.

I samband med dette må vi ha ein finansieringsplan som banken kan gå med på. Totalkostnad ser ut til å vere om lag 10.mill kr, bygd på kalkyler. Tilbod er ikkje innhenta enno

Lindås kommune har gjort vedtak om at infrastrukturfondet deltek med inntil 4 mill kr.

Det vi treng er eit bindande dokument frå Lindås kommune som banken kan leggje til grunn i si sakshandsaming, der vi er garantert at kommunen bidreg med 4.0 mill kr.

Vonar du kan hjelpe til med å få dette på plass.

Geir Styve